

DÅPEN

Liturgisk presentasjon: Kjernestoff

Materiellet:

Plassering: Fokushylla

Rekvisitter: Eske/Brett med, mugge og dåpsfat, vann, due, stort dåpslys/Kristuslys, lys (gjerne juletrelys), fat med sand(speil), lyseslokker, fyrstikker, Bibel, dukke med dåpsklær, tørkeduk.

Underlag: 3 kvite runde filtunderlag

Bakgrunn

Du kan halde denne presentasjonen når som helt på året, men den er ekstra aktuell første søndag etter hellige tre kongers dag, ein sundag til minne om Jesu dåp, eller like etter påske, sidan første påskedag tradisjonelt har vore dåpssundagen framfor nokon.

Barnet blir ved dåpen ,vatn og Ande, teken inn i Guds rike og blir med i Guds familie. Denne riten sameiner både fortid, notid og framtid, så ein treng berre å døypast ein gong. For kristne er dåpen porten inn til familien over alle familiar; Kyrkja. Dedt er den førte og viktigaste hendinga i ein kristen sitt liv. Til å sjå fram til og tilbake på.

Vi døyper i den treeinige Guds namn; Faderen, Sonen og Den heilage ande- detet vist ved dei tre filt-sirklane vi legg ut i presentasjonen. Eit velkjend symbol på Treeininga. Uttrykka ; Skaparen, Frelsaren og Livgjevaren er der for å gje klassisk og jordnært språk for Treeininga. Vi plasserer konkreter på dei tre filtstykkja; vann som ausest i skåla, lyset som tennes, dua. Vi tenner lys og ber barna tenke med glede på dåpen. Dei som er døypte kan tenke på sin dåpsdag, dei som ikkje er døypte kan tenke på denne presentasjonen med glede.

I vår dåpsliturgi får barna ofte eit dåpslys med seg heim som dei kan tenne kvar dåpsdag framover til minne om dåpsdagen sin.

Merknader til materialet

Eit eige brett til dåpsmateriellet. Her har du dei tre runde filtstykkene, lita glassskål og mugge, kristuslys, due, lyseslokker, korg med dåpsdokke (kvit kjole og lue) ,dåpsklut, Lys til borna (skål med sand til små lys /eventuelt helle/speil til å setje te-lys på)(Juletrelys fungerer betre enn te-lys. Te-lys ryker ikkje når dei slukkes. Dei kan og vere vanskelegare å tenne.)

Materiellet står på fokushylla. Like under det store Kristuslyset til venstre .Det er viktig å tilpasse materiellet slik at det passar inn med dei tradisjonene de har i DI kyrkje lokalt .


Spesielle merknader:

Når ein presenterer DÅPEN, er det verken ekte dåp eller leike-dåp. Vi ynskjer å invitere barne til å tenke med glede på dåpen. Anten dei no er døypte eller ei. Presentasjonen i seg sjølv vil formidle denen høgtidsame, gledesfylte, heilage atmosfære. Har ein stake i sølv eller messein, er det ok å ha pussemiddel tilgjengeleg, slik at barna kan pusse på det i aktivitetdelen seinare.


BEVEGELSER	ORD
Før presentasjonen fylles mugga med vann. Sjekk fyrstikkene.	
Sjå på kvar enkelt barn	Er du klar?

Når alle er klar reiser du deg og går litt rundt i rommet. Kom så tilbake til fokushylla, der dei liturgiske forteljingane er.	Sjå kor eg går for å finne dagens forteljing. Her er Bibelhistoriane, her er likningane. Her er dei liturgiske forteljingane.
Dåps-utstyret er i fokus hylla øvst til venstre, under Kristuslyset, <i>Peik på dette</i>	Her er forteljinga om dåpen
Ta fram brettet med tinga på; barnet m dåpskjolen, mugge, te-lys,(brett/spegel) eske m underlag, due, Bibel tørkeklut	Dette må vi ha...
Hent fram Kristuslyset /Dåpslyset	Vi treng meir her..
Opne eska og finn den første runde filtduken. Brett den ut. Hent den andre og brett den ut slik at den ligg så vidt litt over den første. " Brett så ut den tredje filtduken og la den så vidt overlape dei to andre Når du seier : <u>Faderen</u> ..rører du den første filtduken, <u>Sonen</u> ...rør den andre, <u>Den heilage ande</u>rør den tredje	Når vi døyper nokon, døyper vi dei i namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande.
Set deg tilbake og se på sirklane. Repeter så Faderen (Skaparen),Sonen (frelsaren) og Den heilage Ande (Livgjevaren)	Skaparen, Frelsaren og Livgjevaren
Plasser så symbola for treeininga på filt-sirklane: Faderen: Mugge og vatn Sonen: Dåpslyset / Kristuslyset Den heilage ande: Dua og Bibelen. Gjer dette sakte og med høgtid.	
Hell vatnet over i glasskåla. Lytt til lyden av det sildrande vatnet. Ta handa di nedi vatnet og rør ved det når du snakkar om det. "aus " med handa.	Dette er vatnet frå skapinga, vatnet frå den store flaumen, vatnet som folket gjekk gjennom for å bli fri, vatnet som Jesus blei døypt i, og vatnet som du blei, eller kan bli, døypt. Det vatnet som alt vatten kjem ifrå.
Betrakt og la stilla vere der litt. Ta så fyrstiken og peik på Kristuslyset	Det var ein som sa så mye underleg, og som gjorde så mykje vidundeleg at folk fulgte etter han. Og dei måtte bare spørje han; Kven er du?
Tenn Kristuslyset	Ein gong sa han;" <i>Eg er verdens lys</i> " Dette er lyset fra skapinga. Det lys som alt lys kjem ifrå.
Set fram dua	Den heilage ande er som dua og som vinden. Vinden er usynlig. Og usynleg kjem han til oss med velsigning, hjelp og trøyst. Han kjem med velsigninga frå skapinga, og frå korset og den tomme grava. Usynleg, men likevel alltid nær oss.
	Nokre vert døypt når dei er små, andre når dei er ungdommar eller gamle...I dag bruker vi babydokka for å vise kva som skjer når nokon vert døypt.

Ta opp dokka og hold henne i armane	Før vi døyper barna spør vi foreldrene om det viktige. Så les vi frå Bibelen og ber ei bøn, så er vi klar. Men vent litt...Kva heiter dette barnet? Namn er jo viktig
Ta det første namnet dei foreslår.	" <i>Marit</i> ", ja det var eit fint namn.
Teikne krossmerket på bringa til dokka, ta så vatn i handa og "aus" over hovudet tre gonger.	Marit; " <i>Eg teiknar deg med det heilage krossmerket til vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Kristus til og tru på han</i> " <i>Marit</i> , etter vår Herre Jesu Kristi ord og bod døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.
Tørk hovudet til barnet (barna kan hjelpe) Legg så barnet forsiktig ned	
Sjå på dokka Tenn så eit lys frå Kristuslydet og set det ned på fatet/spegelen som du plasserer i midten av filtdukane	" <i>Marit: Tenk med glede på dåpen !</i> "
Ta opp eit lys til deg sjølv Tenn det og set den ned på spegelen.	Kva heiter dette barnet ? Svar: Anne Anne; Tenk med glede på dåpen !
Gje kvart av barna eit lys. Spør den einskilde Lat dei få tenne lyset på kristuslyset og sette det ned på spegelen	<i>Kva heiter dette barnet? /du.? (namn...) Tenk med glede på dåpen !</i>
Når alle lysa er tende, få barna til å sjå på dei.	Sjå det blir meir og meir lys ! Lyset som alt lys kjem frå spreier seg. Eg lurar på korleis så mykje lys kan komme frå eit lys?
	La meg nå vise noko. Vi skal forandre lyset.
Bruk lyseslokkeren, slokk lyset og sjå på røyken La kvar einskild få slukke sitt lys	Lyset forandrer seg. Det spreier seg i rommet. Rommet blir fylt av usynlig lys. Mitt lys, ditt lys... Vil du forandre ditt lys. Sjå..... Nå er lyset vårt usynleg tilstades i rommet.
Set nå alle tinga på plass Denne presentasjonen tek litt tid, så kanskje du kan gå direkte på festen (fruktsamlingen) Her kan det også bli litt tid til undring saman.	Så set vi alt på plass.
	Kva har du lyst å arbeide med i dag?



Figur sett fra tilskuernes side



THE PARABLE OF THE GREAT PEARL (STORYTELLER'S PERSPECTIVE)